




Møre og Romsdal fylkeskommune

KULTURAVDELINGA

Sekretariatet for fotoregistrering
Postboks 21, Kringsjå
0807 Oslo



Dykkar ref.:

Vår ref.:
658/93/JAS/ASM


Molde, 08.10.1993

INNSTILLING OM FYLKESFOTOARKIV I MØRE OG ROMSDAL

./ Vedlagt følger innstilling om fylkesfotoarkiv i Møre og Romsdal samt vedtak i kulturutvalet i same sak; KU - 101/92 A.

Dette til orientering.

Med helsing



Jarle Sanden
museumskonservator

Vedlegg: 2



SAKSFRAMLEGG

Vår ref.:
658 JAS/PGG

Til kulturutvalet

KU - 101/92 A

FYLKESFOTOARKIV

Første gang saka var oppe til politisk handsaming var i sak Ku-29/90 A. Fylkeskulturutvalet vedtok den gongen å utsette saka, men bad samstundes om ei meir omfattande saksutgreiing. Saka vart send tilbake til administrasjonen for ny sakshandsaming. Den ligg no føre. Sjå vedlagt særtrykk.

Som ein del av undersøkinga sende fylkeskonservatoren ut eit spørjeskjema til alle kommunane, musea, sogelag, private kjende samlingar og fotografar i Møre og Romsdal, for å registrere volumet på bevarte eldre fotografi. Det vart og spurt om andre forhold vedrørande tilstanden for det fotografiske materialet. Både i denne fasen og som bakgrunnsmateriale for utarbeidinga av saka, har fylkeskonservatoren samarbeidd og halde kontakt med Sekretariatet for fotoregistrering i Oslo, som velvillig har sendt aktuelt materiale. Ei utgreiing om fylkesfotoarkiv i Sogn og Fjordane har og vore til hjelp i arbeidet.

I sak Ku 65/92 fekk kulturutvalet ei førebels melding om arbeidet med eit fylkesfotoarkiv. Nytt sidan det møtet er ei fagleg vurdering av at ein må sjå eit fylkesfotoarkiv i samanheng med andre arkivtenester og arkivfunksjonar i fylkeskommunen. Utvalet slutta seg til det synspunkt og prinsipp som var lagt til grunn for arbeidet.

På denne bakgrunn legg eg saka fram for kulturutvalet med slikt framlegg til

vedtak:

Kulturutvalet tek saka til vitande og sluttar seg til framlegga i innstillinga slik:

- 1: Administrasjonen må følge opp etablering av eit fylkesfotoarkiv i samband med rullering av langtidsbudsjettet.
- 2: Fylkesfotoarkivet vert lagt til Aalesunds Museum, og organisert som ei eiga avdeling.
- 3: I det vidare arbeidet med fylkesfotoarkivet er det rimeleg å sjå ^{for} arkivfunksjonane i Møre og Romsdal som ein heilskap.


Arvid Blindheim
kst. fylkeskultursjef

Jarle Sanden